

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Fister - årdal

Emne: Dei "Kloke"

Bygdelag:

Oppskr. av: Nils K. Staurland

Gard:

(adresse): Kessa i Ryfylke

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

For det meste etter opplysning frå andre.

SVAR

Herr. dr. philos. Olav Pö.

Til spørjebrevet om
Dei "Kloke"

vil eg få lov å gjere merksam på too
mann - bue frå Årdal herad - som var
so pass utanom det vanlege at dei ikkje
burde gå i gløyme, men koma med i
Norsk Folkeminnesamling. Det er
Odd Dike (Digje) og Samson Tjentland.

Odd var husmann under garden Ur i
Årdal, og plassen han budde på, kalle dei
Digje. Det låg tett ved heradsgrense mil-
lom Årdal og Strand. Han var ein rask
og storvaksen, men svært stillferande mann.
Han var innflytt frå Suldal, var gift too
gonger og hadde born i bue ektekap.

Men det sermerkte ved han var det at
han künde stanse blodet og berge livet
for folk som heldt på å bli seg ihel.
Om dette har eg fått opplysning frå ymse
kjelder.

Den fyrste som fortalde meg om dette,

2.

var Sivert Tveit som døde 1754-78 år gammel. Han fortalte om ein (som eg no diverre ikkje veit namnet på) som helst på å bli seg ihel. Då sette to menn seg til ryggjar i båten og rodde det krepper og årar helst til Digge for å henta Odd.

Han sat inne i husmannsstova si og såg dei koma, og då dei hadde lendt og kom oppover frå stranden, gjekk han ut = fyre dora og tok imot dei. Dei fortalde då kor gale det stod til og bad han skunda seg og bli med dei og freista berge livet. Han skyns straks at det verkeleg stod om livet, gjekk inn i stova, men kom straks ut att og sa at no kunde dei ro heim att. Blodet er stanst, sa han. Dei so gjorde og fann ut at bløinga brøtt hadde stansa i den tilsvarende tid då Odd var inne i stova si. — Fåfengt har eg freista på tak i namn og stad for denne handlinga. Men Nille Gundersen, Meinstad pensjonat på Fister hadde høyrte atkåret same saga fortalt av gamle Jakob Mosnesvåg som døde for mange år sidan. Heller ikkje ho visste noko namn.

Sivert Tveit fortalde også at distrikts-
lækjaren var, dr. Wille på Finnøy gjekk
hardt på Odd og vilde ha greie på korleis
han kunde klara denne trollkånstern, men
fekk inga greie av han. Endå Wille gjekk
so hardt på at Odd tok til gråten og bad
for seg, so fekk han inga greie av han.

No er det mange som trur at han ikkje
vilde ut med denne løgndomen sin,
men like truleg er det at han ikkje kunde

gjøre ut om denne merkelege evne og kraft som han hadde fått framfor andre. Truleg var det like vanskeleg for han å gjøre gjere for seg som for den synske, som ikkje skynar kvifor andre er like synske som han er.

For å få dei mest pålitande opplysingar om Odd har eg nettopp vore ein tur turte den grunda der han hadde bodd, og fekk snakka med dei gamle der.

Severin O. Døvik, född 1872 fortel:

Jeg er minnest godt han Odde Digge. Og at han kunde stanse blodet, det veit eg er sant. Han Jakob, bror min, hogde seg so stygt i sine foten, og det blödde so falt at det var eit syn. Men han far fetla og batt säret so godt til at han fekk so nokortünde stanse blöingja og fekk han til sengs. Men om natte hadde han nok sparka fetlet av lage so blöingja tok til att, og om morgonen da han far kom ut i kammeret og sköulde sjå om han, hadde blodet rünne gjönom sengkleda og sengehalmen og ünnder senge var det ein stor blodpöl som kom sigande fram over golvet heilt fram til döra. Da sende han far meg i veg til Digge for å be Odd koma og frista berge livet hans. Eg var då i 10-års alderen, (altså ikring 1882). og Odd var alt då ein gamal mann. Men han vart med meg heim til Dövik. Han gjikk äleine inn i kammeret til bror min og stanse blöingja.

Etterpå spurde me han Jakob korleis Odd bar seg at. "Kva gjorde han?" "Han gjorde ingen ting", svare Jakob, "han stod berre stillt attmed senge." "Sa han ikkje

4.

noke heller?" "Nei, han sa ingen ting; men han liksom mostra noke lite som eg ikkje künde høyra kva det var, og med eitt stansa bløinga."

"Men han künde stansa blodet om han ikkje kom til stades så," heldt Severin fram. "Han Jone Grødem - du kjende han?" "Ja, han kjende eg sagta. Ni var saman i 8 veker på brislingfiske i 1906. Då var eg 22 år gamal og Jone var minst 60 år då." "Ja, eingong då han var ung, var han oppe i ein ask og skulde hogga mork (til skar) kom oksa burt i ei grein og skeinte med heile øksefeten rett inn i leggen hans, og blodet fossa ut or såret. Ein erendsvein vart send i tansprang til Digje etter Odd. Jau, Odd skynna straks at det stod om livet for Jone og fylgde med ut gjennom Geitestjerura. Men han var då mykje gamal og künde ikkje føre den farten som erendsveinen kravde. Han olstra på at dei måtte skunde meir på om dei skulde ha von om å berga livet hans - slik som det blødde. Då stansa Odd opp midt i Geitestjerura og stod ganske roleg ei lita stund. So sa han til erendsveinen: "No kan du berre gå heim. Blodet er stanst." So smuttdi han og gjekk rett heim til Digje att. Erendsveinen kom til Grødem og fann ut at bløinga plusselig hadde stansa slik som Odd hadde sagt."

"Men du må kje tru at Odd var den som blæs slike hendingar ut over bygda. Stillsleg og smålåten gjekk han til verks, og aldri künde ein merke det minste teiken til byrgskap etter å ha berga livet for folk."

5.

„Ola Ur, lensmann i Årdal 1877-1924 og
broren Knut, bonde i Ur til sin døyd' dag
gjekk hardt på Odd og vilde vita korleis
han künde makta slikt. Dei spurde
om det var noko djvelskap han fór med.
Da vart han reint fortent og rista over-
gjeven på hovudet og svara: „De kan då
vel skyns at det ikkje er djvelskap.
Det er tri av dei finaste ord i barne-
læra vår som verkar det, sa han”

Ingen av dei eg har tala med,
visste noko om korleis eller av kven
Odd hadde lært denne kunsten, og aldri
lærde han kunsten frå seg til nokon.
Severin O. Døvik fortalde at Lars Åsevik
som var Odd sin son av fyrste ektekap,
bad om å få læra å stansa blodet.
Men svart kom avgjort og fast: „Du
er for veik til slikt noko, du.”

Eg har også høyrte snakke om
at eit par andre skal ha fortalt
at Odd bænd seg til å læra dei kunsten,
men at dei ikkje våga seg til å ta imot
denne gáva. Dette tykkjer eg høyrst
lite rimelig og står ikkje i samband
med det som ovanfor er fortald om
dr. Wille og Lars Åsevik som gjerne vilde
læra og ikkje fekk. Men Odd dreiv også
med kopping, so det kan tenkejast at
det var dette han bænd seg til å læra
frå seg.

12.-6. 1960. Nils H. Stenlund.

Samson Tjentland.

6.

Han var fødd på garden Gjære i Kvinnherad i 1817. Frå ung alder fekk han ein lang sjuketur. Han kom heim og merka tyrest og trøyst og gjennombløytt av svette, so drakk han seg utyrest av kald skyr (sürmjölke) og vart felende sjukt. Han vart liggjande til sengs eit heilt år. Då fekk han god tid til å lesa og studera i ei doktorbok han hadde fått tak i. Ho heitte Raspail og var skriven av ein engelsk doktor som me diverre ikkje veit namnet på. Han kom til Norge og lika seg so godt her at han slo seg til her for resten av livet sitt. Han vilde praktisera som doktor, men fekk ikkje lov til det. So sette han seg til og skreiv denne doktorboka-Raspail, som gjennom Samson vart til hjelp og velsigning for so mange sjuke.

Ikring 1840 vart Samson gift med ei sinterja Brita Jensdtr. - og fekk garden Bakke i Kvinnherad med henne. Her budde han til 1854 då han kjøpte eit brukt av garden Tjentland i Ardal og flytte dertil med kone og seks born i alderen frå 1 til 13 år. Dei vaks til og vart til stor hjelp for han med gardsarbeidet. Og det frøyddest. For etter kvart som dei andre Tjentlands böndene vart trøyte av slitet, gav opp og straukte til Amerika, so kjøpte han det eine bruket etter det andre og vart til slutt eigar av alle fire brukta på garden. So ein kan skryna at der var nok å hanga fingrane i - både for han og hushjæden.

15469

Og enno den dag i dag sit det Samsons
atlingar på alle Tjertlands bruka.

Korleis künde han skaffe pengar
til alt dette? Jån, Samson var ikkje
berre god bonde og namngjiten doktor,
han var også flink smed og rotkedreier.
Kvar vinter gjorde han ferdig 50 rotkar
som han selde for 2 dalir stykket.
Ein fin hjelpeskilling i tillegg til det
gardsdrifta kasta av seg.

Jån, han var nok ein både klok og
nevnyttig mann, han Samson.

Men det han vart mest kjend og
avhalden for, var no likevel den lekjar-
verksemda han dreiv. Folk hadde minst
like stor trø til han som til dr. Wille,
distrikts lekjaren på Finnøy. Og dertil
var han so mykje lettare å få taks i.
Eg kan sjølv minnast frå barneåra
at me hadde Samson her heime hjå oss
på Staurland til bror min som hadde
tungebitennelse. For denne sjukdomen
hadde han ord for å vera betre enn
nokon doktor. Elles vart han nytta
for allslag sjukdom. Dei som künde,
gjekk til Tjertland og fekk hjelp, men
som oftast måtte han sjølv i veg
til dei sjuke bringam i heimand.
Han måtte jamvel traska den lange vegen
over heiane til gardane ved Lysefjorden
for å hjelpe dei sjuke. Han sa aldri
nei, endå dei ofte kom og hentte han
midt i hardaste onna. So vart det
berre endå meir travelt for kona og
borna. Ein gong dei tykte det „gjekte
reint på øvelaret“, tok dei til å knurre
litevotta. Då svara han dei berre med

8.

noke ord fra Jakobsbrevet: "Hvo der
altså ved at gjøre godt og ikke gjør
det, for ham er det synd." De kagna
dei og knurre aldri meir.

Ëg har nettopp vore i Årdal og
vitja nokre av Samson sine barne-
barn som enno lever. Samson Persen
på Tjentland, som er sønson til Samson,
fortalde: Ei gjenta - Lone Åse - tente
hja Samson og vart sjukt. Det var
Hering som doktorane hadde lite og
ikke råd for i den tid. Men Samson
tok seg av henne og fekk henne frisk
att med sterke omslag. Ho døydde
no i mars 1960 umåteleg gammal.

Han Anders Tveit (grannegard til
Tjentland) var utheppen og kom burt
i ei vassdriven oppgangs sag og fekk
overarmen mest heilt avskoren. Han
hekk berre dingla etter ei sen og litt
kjøt og skinn på eine sida. Beinnet var
heilt avskore. Dei henta Samson
som tok seg av han på beste måte.
Han gjekk tvo gonger kvar dag i nest
eit halvt år til Tveit og stelte med
denne armen. Det kom dauktjøt i
såret som han måtte brenna vekk
med gloande jern. So heilt smertefritt
gjekk det nok ikke for seg. Men god
vart han. Armen var noko veikare
enn den andre, men heilt arbeidsfør.

Dette same fortalde også Torstein Triske-
dal som er Samson sin dotterson.

Torstein fortalde vidare:

Han Olavs Notvoll fekk so fell ei
hand. Han hadde sømle so lenge i
sjøen med ein sær fing som ikke

9.

faldt dette, og no såg det ut til at heile handa skulde verta øydelagt. Han gjekk til Samson. Jau, Samson visste straks kva slag medisin som måtte til, men han gjorde merksam på at noko av det han trong for å laga den rette medisin var både dyr og vanskeleg å få tak i. Men han gav seg ikkje for handa var heilt god.

Ho Tore-Inger dei kalla, kona hans Tore Florten, hadde so felt eit brokk. Ho kunde ikkje få det inn att, og dei reiste til dr. Wille på Finnøy med henne. Han arbeiddi i fleire timar med henne, men kunde ikkje få det inn att. Han gav opp og sa dei fekk sjå å få henne til sjukehuset. Men Inger vilde ikkje på sjukehuset. Folk hadde redsle for sjukehuset i dei dagar og rekna det helst for siste reis om dei måtte i veg der til. Nei, ho vilde heim, og ho fekk sin vilje. Komen heim, sende ho bud etter Samson. Han kom, og ved hjelp av kamferspiritüs fekk han det til å kreppe seg saman so han fekk det inn att, og ho levde både vel og lenge etterpå.

Noko seinare kom Wille til Årdal, og ein av dei fyrste han høvde då han steig i land på gamle-kaien i Osen var ho Tore-Inger. Han vart reint overgjeven. Han hadde nok rekna med at ho skulde vera godt gjymd under torva, han.

Torstein fortalde at då han var gutunge fekk han differt. Samson kom og lagde omslag kring halsen

10.

hans. Dette skulde trekeja det kvite
belegget ut og halsen. Han sette også
eit kjeft på omnen med ein klut
oppi, sloj noko av ei flaske over kluten
i kjeftet. Dette skulde stå og dampast
opp og drepa smittestoffet, so ikkejs
dei andre i huset vart smitta av
sjukdommen.

Sidan det var smittesykjeja, vart
også dr. Willé henta til gårds. Men då
var alt Tørsten heilt rein i halsen
— bare 2-3 dagar etter at Samson
hadde stelt med ham.

Det meste av dette som her er
fortald, har eg etter Samson Persen
Tjuntland, fødd 1878 og Tørstein
Riskeidal, fødd 1872. Både lever.

12. - 6. 1960.

Nils K. Staurland.